

Sveinung Skjelvik
Lyngvegen 25
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/15600 - 20/62893

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
06.10.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - basseng, terrasse og tilbygg gbnr 502/46


Tiltak: Basseng, terrasse, tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 502/46
Tiltakshavar: Sveinung Skjelvik
Ansvarleg søkjar: Sveinung Skjelvik

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.09.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaka terrasse og basseng ligg i LNF-område (landbruk, natur- og friluftsområde), jf. KDP (kommunedelplan) for Radøy.



For oppføring av desse tiltaka er det naudsynt med dispensasjon frå planføremål LNF. I tillegg krev tiltaka dispensasjon og frå byggjegrænse mot sjøen. Søknad om dispensasjon skal nabovarlast og grunngjevast. Sjå link for rettleiing:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-ribe/nabovarsel/>

2. Det må sendast eigen søknad om gråvassutslepp til avdeling for Miljø og tilsyn. Søknad skal nabovarlast. Byggesaka skal ikkje handsamast før utsleppsløyve er gjeve. Sjå rettleiing:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-ribe/ma-du-sokje/sokje-om-privat-avlopsanlegg-og-utsleppsloyve/>

3. Det er ikkje vedlagt teikningar som viser tilbygget-teknisk rom eller terrasse. Det er uklart kva er dimensjonar på desse tiltaka. Oppdaterte snitt og fasadeteikningar skal sendast inn. Om tiltaka har samla bygd areal BYA eller bruksareal BRA på over 50 m², så må det søkjast i regi av ansvarleg føretak med ansvarsrettar og gjennomføringsplan.
4. Det er ikkje målsatt tiltaka eller avstand på situasjonsplan. Ny oppdatert plan skal sendast inn.
5. Naboar på gbnr 502/19, 502/9 må få varsel om utslepp for gråvatn og dispensasjonar i tillegg til gbnr 502/1, 502/26.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **06.12.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:
Sveinung Skjelvik

Lyngvegen 25

5914 ISDALSTØ